

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Vidar Svanheld
Arkivsaksnr.: 20/338-25

Arkiv: PLAN 2020002

Detaljreguleringsplan for massetak på Eide gard - Skjolden Plan-ID 2020002

Rådmannen si tilråding:

1. Plan- og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak: «I medhald av § 12- 12 i plan- og bygningslova, godkjenner Luster kommunestyre reguleringsplan for massetak Eide, planide 2020002» med føresegner datert 05.10.2021 etter at følgjande endringar er gjort:
2. Plankart skal justerast slik at faresoner vert tydlegare.
3. Plankartet vert oppdatert med breidde og kurvatur som tilfredstiller krava til lastebil med hengar.
4. Planomtala vert oppdatert i tråd med merknader frå Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Plankart
2. Reguleringsføresegner datert 05.10.2021
3. Planomtale
4. ROS-analyse

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Basert på prosessen med offentleg ettersyn, legg no rådmannen fram eit forslag til reguleringsplan for massetak på Eide gard til godkjenning.

Utval som har vedtaksmynde:

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:
Plan- og forvaltningsutvalet legg fram for kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

Fakta:

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune vedtok i sak PFU 50/2021 den 23.06.21 å leggje forslag til detaljreguleringsplan for Massetak Eide ut til offentleg ettersyn. Følgjande har kome med merknad til planframlegget i høyringsrunda:

1. Vestland fylkeskommune

Vi viser til brev datert 20.07.2021 om høyring av forslag til detaljregulering for masseuttak på Eide gard. Hovudføremålet i planen er å få eit godkjent masseuttak av stein og grusmassar. Det er eit eksisterande massetak på området, som vart etablert som krisetiltak etter flaumen hausten 2018. Føremålet er i hovudsak i strid med kommuneplan der området er sett av til LNFR.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleging

Vurdering

Planfaglege merknader

I føresegnene kjem det fram at driftsplanen mellom anna skal vise tiltak som hindrar avrenning frå driftsområdet, og korleis uttaket skal pyntast og avsluttast, både etappevis og endeleg. Vi oppmodar at ein er tydlegare i føresegnene på kva krav driftsplanen skal følgje opp, og set konkrete krav til avbøtande tiltak. Det går ikkje fram av planframlegget kva verknadar planen vil få for landskapet, verken under eller etter avslutta drift. Det er positivt at avdekkingsmassane skal takast vare på og nyttast til istandsetting etter avslutta drift. Vi saknar vurdering av ytterlegare avbøtande tiltak for å dempe påverknaden på landskapet.

Samferdsel

Vi gjer merksam på at geometrisk utforming og sikt må stetta kravet til lastebil med hengar jf. handbok N100 veg og gateutforming.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune oppmodar om å setje tydelegare føringar i føresegnene til kva krav driftsplanen skal følgje opp. Utover dette har vi ingen vesentlege merknadar til planforslaget.

Tilråding:

Føresegnene 31a vert endra noko slik at det tydelegare går fram kva krav driftsplanen skal følgje opp og set no konkrete krav til avbøtande tiltak.

Planomtalen vert oppdatert før endeleg vedtak av planen slik at det tydelegare får fram kva verknadar planen vil få for landskapet både under og etter avslutta drift.

Plankartet vert før endeleg vedtak oppdatert med breidde og kurvatur som tilfredstiller krava til lastebil med hengar.

2. NVE

Vi syner til dykkar brev dagsett 20.07.2021. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for masseuttak på Eide gard i Skjolden. Føremålet med planen er å etablere eit godkjent masseuttak for stein og grusmassar. Planområdet ligg på ei høgd i landskapet, mellom Eide gard og eit bustadområde i nord/nordvest, og fjellet Eidshovden i sør/aust.

Skredfare i bratt terreng

Delar av planområdet er kartlagt for skredfare i bratt terreng, jf. faresonekart i NVE Atlas. Det er kartlagt faresoner med årleg sannsyn tilsvarande alle tryggleiksklassane som er definert i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

I framlegg til plankart er faresonene for skred vist med omsynssone *Skredfare* med tilhøyrande føresegn § 6 b. Faresonene i plankartet er namngjeve S1, S2 og S3 utan at det kjem klart fram kva fare som ligg til omsynssona, verken i teiknforklaringa eller i tilhøyrande føresegn. NVE rår til at det i plankart med teiknforklaring kjem tydeleg fram kva gjentaksintervall faresoner representerer. I den samanheng meiner vi at omgrepa som viser til tryggleiksklassane i TEK17 § 7-3 (S1, S2 og S3) er lite presis. I staden rår vi til å nytte kode for aktuell fare, eventuelt med ulik nummerering.

I tilhøyrande føresegn må det kome tydeleg fram kva sannsyn for skred som er vurdert for dei ulike faresonene, og krav som sikrar at eventuelle tiltak har tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK17 § 7-3. Vi tillèt oss å føreslå at namngjeving på faresoner vert endra, samt eit framlegg til ordlyd i tilhøyrande føresegn som vi meiner er meir presis i høve til gjeldande krav;

H310_1: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/100. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3 (jf. byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

H310_2: Skredfaren innanfor desse omsynssonene har større årleg sannsyn enn 1/1000. Innanfor omsynssonene er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3 (jf. byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

H310_3: Skredfaren innanfor denne omsynssona har større årleg sannsyn enn 1/5000. Innanfor omsynssona er det forbod mot tiltak i tryggleiksklasse S3 (jf. byggteknisk forskrift § 7-3) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkyndige.

Slik vi les plankartet er dei delane av planområdet som ikkje er farekartlagt, og ligg høgare i terrenget mot farleg område/lausneområde, ein del av omsynssona. Vi er samd i ei vurdering av at sannsynet også her er større enn 1/100, og støttar ei slik framstilling. Planomtalen kan gjerne gjere greie for grunnlaget til omsynssonene. Vi meiner og at fleire omsynssoner kan ligge oppå kvarandre i plankartet. De bør difor ikkje klippe faresone for skredfare mot faresone for høgspent.

Det er presisert i ROS-analysen at det ikkje vil bli sett opp bygg i planområdet. Vi gjer merksam på at masseuttak som tiltak ikkje er unnateke krava i TEK17. Sjå meir om dette i Direktoratet for byggkvalitet sin rettleiar Utbygging i fareområde kapittel 2.9. For tiltak i skredfareområde må tryggleiksklasse fastsettast, jf. TEK17 § 7-3, 2. ledd, første setning.

Marin grense og moglegheit for samanhengande førekomst av marin leire

Det er gjort ei vurdering av fare for kvikkleire i planområdet i ROS-analysen. Vi meiner at grunnlaget for å avskrive fare for områdeskred i ROS-analysen er mangelfullt. Det er vist til lausmassekartet til NGU. Dette kartet er i målestokk 1:250 000, og er ikkje tilstrekkeleg detaljert til å trekke ein slik konklusjon.

Det bør ligge ei kvalifisert vurdering til grunn for å avskrive faren for områdeskred. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred kap. 3.2 vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

Kommentar til ROS-analysen

I ROS-analysen side 2 er det synt ein tabell med oppsummering av uønskte hendingar. I hendingsnummer 1 – steinsprang/steinskred, er det gjeve eit sannsyn på 3 og konsekvens på 3, men risikoen er likevel sett til farge grøn. Vi reknar med at dette er gjort ved ein feil, og at fargen vil bli endra til raud, i samsvar med matrisen for risikovurdering som er synt høgare oppe på sida.

Tilråding:

Føresegnene §6b, faresone skred, vert endra i samsvar med merknaden frå NVE. Plankartet vert oppdatert tilsvarande med nye faresonenamn. Å legge fleire faresoner oppå kvarandre er kartteknisk utfordrande og gjer planen vanskelegare å lese/tyde. I staden vert det tydelegare namngitt på kartet kvar faresone høgspent går.

Luster kommune ser ikkje det med marin grense og mogleg leire som ei aktuell problemstilling då det er stein som ligg i overflata som skal takast ut. Det vert sett krav i føresegnene §31a, driftsplan at ein må sikre at overflatevatn ikkje tek nye vegar og at ein ikkje får avrenning frå området.

ROS-analysen side 2 vert retta opp når det gjeld fargar.

3. Direktoratet for mineralforvaltning

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 20. juli 2021. DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan-og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om planen

Føremålet med reguleringa er uttak og bearbeiding av rasmassar av jord og stein på eit område på 100 daa. I 2019 starta NVE uttak av massar i samband med reparasjonsarbeid etter skadar frå flaum i 2018. Tiltakshavar ønskjer å vidareføre tiltaket då det er igjen betydelege mengder masse på staden.

Området er i kommuneplanen sin arealdel sett av til LNF-område med omsynssone for naturfare –ras. Det er vurdert at planarbeidet ikkje vert omfatta av krav til konsekvensutgreiing.

Fråsegn til planen

DMF ga fråsegn til oppstart av planen 16. april 2020. Der hadde vi fleire innspel som gjekk på beskriving av ressurs, marknad, praksis rundt driftskonsesjon, sikring, skjerming og etterbruk. Vi registrerer at fleire av våre tilbakemeldingar er innarbeida eller omtala i planen.

Fagleg råd

Sikring

DMF kan ikkje sjå at planen sett rammar for korleis uttaket skal kunne sikrast. DMF sitt planfaglege råd er derfor at det takast inn i føresegna og plankart kor det kan oppførast sikringstiltak og at dette vert skildra i planomtala. Føresegna kan vere følgjande, eller liknande: «Uttaket skal til kvar tid vere forsvarleg sikra». Vidare bør det vurderast å sette av tilstrekkeleg areal til opparbeiding og vedlikehald av sikringstiltaka i plankartet. Sjå våre rettleiarar for driftsplan1 for meir informasjon om sikring.

Tilråding:

Det vert i føresegnene §31c sett krav til at sikring av området vert teke inn som eit eige punkt i driftsplanen. Ny tekst: Uttaket skal til kvar tid vere forsvarleg sikra.

4. Statsforvaltaren i Vestland

Vi viser til oversending dagsett 20.07.2021, til dialog og korrespondanse kring tema støy (jf. m.a. e-post frå kommunen 15.09.2021) og til avtale om utsetting av høyringsfristen til 28.09.2021. Formålet med planframlegget er å leggje til rette for uttak av skredmassar, dvs. stein- og grusmassar. Masseuttaket er ikkje i samsvar med arealdelen til kommuneplanen, der det aktuelle arealet er sett av som LNF-område.

NVE starta uttak av massar i området i 2019 i samband med reparasjonsarbeid etter skadar på elveforbyggingar etter skadeflaumen i 2018. Det er i samband med dette uttaket opparbeidd naudsynt tilkomstveg frå eksisterande gardsveg. Det er teke ut til saman om lag 50 000 m³ massar i området knytt til hastesaka etter flaumen. Grunneigaren ønskjer å ta ut meir massar, og har fått utarbeida reguleringsplan for området.

Vurdering

Når det gjeld planomtalen ser vi at den er mangelfull i og med at verknadene av planframlegget for ulike interesser og omsyn i liten grad er vurdert. Vi tenkjer m.a. på verknadene av masseuttaket for landskap, naturmiljø, landbruk og støy. Vi minner om at det er eit krav at planomtalen skal gjere greie for verknadane planen kan ha for ulike interesser og omsyn i planområdet. Statsforvaltaren meiner at planomtalen må supplerast på dette området, og at det i tråd med desse vurderingane eventuelt vert gjort tilpassingar i plankart og/eller føresegner.

Det er ikkje laga støyutgreiing og støysituasjonen under drifta er såleis uviss. Reguleringsføresegnene opnar for steinknusing og pigging (impulslyd). Dette er svært støyande aktivitetar som kan høyrast over lange avstandar (avhengig av terrengtilhøva). Med bakgrunn i manglande støyutgreiing og romslege føresegner om driftstider som også

inkluderte steinknusing og pigging (jf. pkt. 3.1.d i føresegnene), tok Statsforvaltaren kontakt med kommunen. Vi meinte at støy ikkje er godt nok ivareteke i planframlegget, og at dette kunne vere motsegngrunnlag frå vår side. Vi vart samde om at kommunen skulle sjå nærare på m.a. driftstidene.

Kommunen har i e-post 15.09.2021 føreslege at pkt 3.1 d) vert endra til slik tekst:

d) Aktiviteten i massetaket skal tilpassast følgjande tider:

Drift i massetaket skal berre skje mellom klokka 07.00 og 17.00 på kvardagar og mellom klokka 10.00 og 14.00 på laurdagar. Lessing og utkøyring av massar er tillate utover desse tidene. Det er tillate å bearbeide massar med knusemaskin inntil 3 kvardagar kvar månad mellom klokka 07.00 og 17.00.

Med bakgrunn i at planframlegget viser støyskjerming som tiltak kring knusemaskina og at føresegna pkt. 3.1.d, som opnar for steinknusinga, er vesentleg innstramma, har vi komme til at det ikkje lenger er motsegngrunnlag mot planframlegget og tema støy. Føresetnaden for dette er sjølv sagt at den reviderte føresegna vert innarbeidd i planen, og at planen vert eigengodkjent med denne endringa av føresegn 3.1.d.

Vi held likevel fast ved at det burde vore gjort ei støyutgreiing som del av planomtalen. Generelt gir støyutrekningar/-målingar og støysonekart eit godt grunnlag for å sikre tilfredsstillande støytilhøve gjennom t.d. krav til driftstider og avbøtande støydempande tiltak. Vi minner om kommunen sitt ansvar for å ivareta støyomsyn i arealplanlegginga si. I det nye forslaget til føresegn er pigging stroke. Viss det er aktuelt med pigging, tilrår vi å ha dette med i føresegnene, og at denne aktiviteten også vert avgrensa til tre dagar i månaden.

Steinknusing kan også føre til støving i tilgrensande område. Verknadene av støving som følgje av aktiviteten i masseuttaksområdet er heller ikkje vurdert i planframlegget. Vi viser til kap. 30 i forureiningsforskrifta som regulerer forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel og stiller krav om gjennomføring av målingar av støy, støv og utslepp til vatn. I og med at planframlegget opnar for steinknusing, m.a. til produksjon av veggrus, kan denne aktiviteten bli omfatta av kap. 30 i forureiningsforskrifta. I så fall skal meldeskjema og dokumentasjonen frå desse målingane sendast til Statsforvaltaren. Manglande avklaring i planframlegget av verknadene for nærmiljøet til masseuttaksområdet, både som følgje av støy og støving, tilseier at særlovsbehandling av denne saka er aktuell sjølv om steinknusing er avgrensa til tre dagar i månaden.

Pkt 3.2. i reguleringsføresegnene omhandlar tilstelling og bruk av områda etter avslutta uttak av massar. Her går det m.a. fram at avdekkingsmassane skal leggjast til side og nyttast til tilstelling av området etter avslutta uttak, og at heile planområdet skal først attende til landbruks- natur- og friluftsområde når massetaket er avslutta. I føresegnene pkt. 3.1 bokstav a, som gjeld driftsplan for masseuttaket, går det fram at driftsplanen skal vise korleis uttaket skal pyntast og avsluttast, både etappevis og endeleg.

Vi viser elles til Direktoratet for mineralforvaltning (tidlegare Bergvesenet) som statleg fagstyresmakt når det gjeld saker som vedkjem forvaltning og utnytting av mineralske ressursar.

Merknad

Drift

DMF ber om at planmaterialet greier ut om det skal gjerast uttak og/eller sprenging av fast fjell i tillegg til lausmassane, og korleis det skal gå føre eit uttak med føremålstenleg utnytting av begge ressurstypar som er forsvarleg, sikkert og drivverdig.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida

vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Vurdering:

Planomtalen vert oppdatert før endeleg vedtak av planen slik at det tydelegare får fram kva verknadar planen vil få for landskapet både under og etter avslutta drift.

Reguleringsføresegnene §1 vert justert litt slik det tydelegare går fram at det er snakk om uttak av lausmassar frå rasur/steinur, ikkje sprenging av fast fjell.

Reguleringsføresegnene §31d vert endra. Ny tekst:

Aktiviteten i massetaket skal tilpassast følgjande tider:

Drift i massetaket skal berre skje mellom klokka 07.00 og 17.00 på kvardagar og mellom klokka 10.00 og 14.00 på laurdagar. Lessing og utkøyring av massar er tillate utover desse tidene. Det er tillate å bearbeide massar med knusemaskin inntil 3 kvardagar kvar månad mellom klokka 07.00 og 17.00.

Med denne endringa av føresegnene og krav til bygging av støyvoll, ser ikkje Luster kommune det som naudsynt å utarbeide støysonkartlegging for området.

Vurdering:

Rådmannen viser til at dette har vore eit uttak som var svært viktig med tanke på oppattbygging i Skjolden etter flaumen i 2018. Rådmannen meiner at for framtida er det viktig at dette uttaket vert vidareført, samstundes som det er svært viktig at planen no stiller krav om oppattpynting og istandsetjing av arealet ved avslutning.

Rådmannen rår til at planen vert vedteken.

Dato: 5.10.21

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
Plansjef

Særutskrift skal sendast:

m/kopi til: